



Årsmelding frå Fylkesstyret 2018

Fylkesårsmøtet til Sogn og Fjordane Nei til EU for 2018 vart helde på Førde Hotell den 27.01.2018. På dette Fylkesårsmøtet vart følgjande personar valde inn i styret, og styret vart konstituert slik:

Leiar: Ole Fosse Fardal

Nestleiar: Ingunn Kandal

Styremedlemmer: Jostein Hansen, Kari-Ann Søreide, Steinar Ness, Brit Inger Skår, Reidar Fugle Nordhaug.

Vara: Silja Juklestad, Per Birger Lomheim, Anna Jorunn Avdem

Nokre delegatar til Landsmøtet vart valde av Fylkesårsmøtet, Fylkesstyret supplerte med fleire delegatar og varadelegatar, men grunna fråfall kort tid før møtet, vart det ikkje tid til å fylle opp delegasjonen tilstrekkeleg, og vi endte med ein delegasjon som ikkje oppfylte krava våre til kjønnsbalanse.

Landsmøtedelegatar:

Ole Fosse Fardal, Ingunn Kandal, Gunnar Sortland, Kari-Ann Søreide, Erlend Herstad, Jørn Inge Nedrebø

Rådsmøtedelegatar:

Ole Fosse Fardal

Ingunn Kandal

Revisorar: Vidar Myren, Lissen Gundersen (vart oppnemd av Fylkesstyret)

Valnemnd: (vart oppnemd av Fylkesstyret): Haakon Giil, Hege Lothe, Einar Rysjedal

Organisatorisk

Ole Fosse Fardal vart vald til ny leiar på Fylkesårsmøtet. Han kunne ikkje trå til før i april, av di han ikkje flytta frå Namsos til Førde før då. Fylkesstyret har i 2018 hatt sju møter, fem av desse har vore i Førde, eitt møte på Sandane og eit møte på Skei. To møter har ikkje vore vedtaksføre, og vedtak vart då gjort på første etterfølgjande møte.

Medlemstal

Per 30.12.2018 var det 1204 betalende medlemmer i Sogn og Fjordane Nei til EU. På same tidspunkt i 2017 var det 1226 medlemmer. Det betyr at vi har hatt ein nedgang på 22 medlemmer i 2018. Kommunane i fylket har i 2018 hatt i snitt 46,31 medlemmer, mot 47,15 i 2017. Av utmeldingar vi har motteke i år, har ni vore frå personar som når dei har blitt oppringd av gjenvervar, har svart at dei ikkje lenger vil være medlemmer. Åtte medlemmer i Sogn og Fjordane Nei til EU har gått bort i 2018, tre har falt vekk grunna ubetalt faktura over to år. Elles har det vore fire enkeltutmeldingar av andre ymse årsaker/uoppgitt.

Betalende medlemmer i Sogn og Fjordane Nei til EU per 30.12.2018			
Kommune	Medlemstal 2017	Medlemstal 2018	Endring i prosent
Askvoll	49	50	▲ 2,00%
Aurland	16	17	▲ 5,88%
Balestrand	29	29	▲ 0,00%
Bremanger	22	19	▼ -15,79%
Eid	77	76	▼ -1,32%
Fjaler	30	28	▼ -7,14%
Flora	64	68	▲ 5,88%
Førde	106	99	▼ -7,07%
Gaular	59	55	▼ -7,27%
Gloppen	181	176	▼ -2,84%
Gulen	38	34	▼ -11,76%
Hornindal	10	12	▲ 16,67%
Hyllestad	21	22	▲ 4,55%
Høyanger	64	66	▲ 3,03%
Jølster	51	50	▼ -2,00%
Leikanger	17	17	▲ 0,00%
Luster	48	47	▼ -2,13%
Lærdal	32	31	▼ -3,23%
Naustdal	54	53	▼ -1,89%
Selje	23	23	▲ 0,00%
Sogndal	68	67	▼ -1,49%
Solund	16	16	▲ 0,00%
Stryn	86	82	▼ -4,88%
Vik	39	38	▼ -2,63%
Vågsøy	15	17	▲ 11,76%
Årdal	11	12	▲ 8,33%
Gjennomsnittet	47,15	46,31	▼ -0,51%
Sogn og Fjordane	1226	1204	▼ -1,83%

Politisk

2018 kan oppsummerast som eit roleg år for Sogn og Fjordane NtEU. Fylkesleddet har ikkje vore særleg synlege i media i år, her er det heilt klårt forbetring å hente i 2019. Av aktivitet som har vore i 2018, kan nemnast: styret har bevilga 20000 kroner til NtEU sentralt sitt søksmål mot Erna Solberg i ACER-saka, og 5000 kroner til Globaliseringskonferansen 2018. Elles er det også blitt løyvd 10 000 kroner til Flora NtEU i forbindelse med 8-mars arrangement i Florø. Her var Nei til EU hovudarrangør, og det vart helde ACER-appell ved Gunnar Sortland. Det vart også delt ut materiell. Andre lokallag har også hatt ein del aktivitet, mellom anna har Gloppen hatt stand våren 2018 ifm ACER-saka, og fått på trykk innlegg i desember. Flora har også helde stand i november. Nestleiar tok del under ACER-markering og konferanse arrangert av NtEU sentralt i Oslo 23.-24. januar, og Kari-Ann Søreide og Kjellfrid Bøthun reiste frå Sogn og Fjordane til Kvinnekonferansen 27.-28. oktober i Oslo. Leiar har vore medlem i komiteen for utarbeiding av Arbeidsplan for NtEU i forkant av Landsmøtet, noko som har medført nokre reiser til Oslo. Sogn og Fjordane Nei til EU har helse årsmøta i Sogn og Fjordane Bonde-og-småbrukarlag, og Sogn og Fjordane Bondelag, det vart logistisk vanskeleg å få til andre helsingar dette året.

Sjølv om fylkesleddet har vore lite synleg, har Nei til EU nasjonalt fått ein del merksemd, ifm vårt søksmål mot Erna Solberg i ACER-saka, ei eksponering som har medført ein del nyinnmeldingar i organisasjonen.

Nei til EU sentralt har i år i tillegg til ACER-søksmålet hatt eit sterkt fokus på arbeidet mot EU sin Jernbanepakke IV. Dette er ein enormt inngripande politikk frå EU som mellom anna gjer privatisering av jernbane til eit einvegskøyrtd spor. Det er gode grunnar til å kjempe mot denne pakken, både med tanke på at det undergrev folkestyret til fordel for private aktørar, og at om Noreg godkjenner den, overlet vi styringa av endå meir kritisk infrastruktur til EU. Likevel er situasjonen den at i Sogn og Fjordane har vi berre 20.2 km jernbane (Flåmsbana) og styret ansåg denne saka som ei som i mykje mindre grad enn til dømes TTIP/TISA og ACER vil være eigna til å engasjere innbyggjarane i fylket. I 2019 markerer vi 25-årsjubileum for EU-kampen i 1994, og i det høvet ser dagens styre det som svært ønskeleg at Fylkeslaget steller i stand arrangement og gjer grep som gjer oss meir synlege.

For Fylkesstyret.

Ole Fosse Fardal (leiar)

Ingunn Kandal (nestleiar)